



Uskedalsmusikarane Vegard Døssland (trompet/flygghorn) og Sindre Aksnes (slagverk) var i dag med og opna den nye skulen for alle barneskuleelevane på Halsnøy. Saman med Lars Storegjerde (piano) og Yngvar Gjesdal (elbass) framførte dei 3 låtar og avslutta med Gamal Jegermarsj. Vegard spela også fanfare under flaggheisinga.

Det heldt fram med eit flott program der Maria Malmsten med fleire framførte Huldredans og ordførar Synnøve Solbakken knytte saman 3 sløyfeband for å symbolisera at 3 skular vert til ein.

10 år gamle Ingeborg Grønseth imponerte med ein fantastisk stemmeprakt.

Foto: Thor Inge Døssland